

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vestnes kommune

Dato: 05.04.2019

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

FRILUFTSLOVA – BETALING FOR PARKERING

Vi viser til sak om betaling for parkering på Ørskogfjellet (dykkar sak 1982/2019).

Vi har nyleg fått innsyn i sak; «Ørskogfjell Skilag - Fornyng av løyve til parkeringsavgift ved skitrekket og for parkeringsplassen på flystripa.»

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om ålmenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår friluftslov. Vi ser at på ein del turparkeringsplassar i fylket vårt er det satt p-avgift. På Ørskogfjellet er det ein slik turparkeringsplass som er statleg sikra og som er eigd av stat/kommune og som no Ørskogfjell Skilag tek avgift på. Vi har problemer å sjå av saksutgreiinga i denne saka om heile eller delar av det statlege friuftsområdet blir kravd avgift på.

Fylkesmannen skriv om «Sikra friluftsområde - inngangspengar og parkeringsavgift» i brev av 01.12.2008; «Det er i prinsippet ikkje lov å ta parkeringsavgift for desse p-plassane som er knytt til ålmenta sin tilgang til lovleg fri ferdsel. Om parkeringsavgift blir nytta må avgifta stå i høve til dei tiltak som er gjort på området til fordel for friluftsfolket. På sikra friluftsområde meiner ein her at det ikkje skal takast parkeringsavgift som i sum overstig årleg vedlikehaldsutgifter for parkeringsplassen. Det er ikkje mogleg å ta avgift for utgifter til vanleg tilrettelegging (toalett, renovasjon, fortøyningsplassar, bål-/grillplassar, løypepreparering og liknande) på sikra friluftsområde.»


FNF Møre og Romsdal synes ikkje det er greitt å avgiftsbelegge eit statleg sikra friluftsområde som her på Ørskogfjellet med begrunning i saksframlegget mellom anna

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

utgifter som ein har til å køyre opp løypenettet til Jutevatnet. Vidare meiner vi at å overlata turparkeringsutfordringane til ein organisasjon (Ørskogfjell Skilag) som har som formål noko heilt anna enn turgåing (alpinanlegg/idrettsanlegg) er heilt feil. Parkeringsavgifta på sjølve alpinanlegget når alpinanlegget er i drift er noko ikkje vi meiner noko om, men denne parkeringa må skillast med dei som skal gå ein tur i området. Vilkåret med sikringa av området i si tid var jo tross alt at det skulle leggest til rette for friluftsliv, ikkje til å dekkje parkeringsbehovet og økonomien til alpinanlegget. Vi stiller også spørsmål om kor store faktiske brøyteutgifter det er det på staden knytt til at plassen blir brøyt av Statens vegvesen (?). Avslutningsvis vil vi også peike på at jfr siste kommentarutgåva av friluftslova (Friluftsloven med kommentarer av Marianne Reusch av 2016) står det om bortvisningsrett at § 14 i friluftslova neppe kan brukast til å bortvise ein som trossar pålegg om betaling.

På dette grunnlaget klagar vi inn vedtaket i Vestnes formannskap, sak 10/2019, og ber Vestnes kommune gjere turparkeringa på Ørskogfjellet gratis slik som hensikta er med sikringa av friluftsområdet.

Helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kommunane i Møre og Romsdal